

Nær på kr. 44.000,- kom inn på Helselagsbasaren.

18.03.2018



"Sekretariatet" hadde god kontroll. F.v: Marian Rød Hauso, Selma Eik og Klara Bakke.

Nøyaktig teljing syner at det kom inn kr. 43.785,- på Uskedal helselag sin basar i år. Det er truleg rekord. Med godt førehandssal på tilsaman sju bøker og godt frammøte på basaren i dag, ja, så måtte resultatet verta bra.



Svein Jarle Legland var godt nøgd med å vera på eit av vinnarborda.

Ein basar er som den plar vera: Forventningar, god stemning, kaffi og kaker, born som spring rundt med gevinstar og gode kommentarar innimellom. Sekretariatet med Klara Bakke, Selma Eik, Marian Rød Hauso, Line Soltveit, Eli Roseth Eik og gode seljarar hadde god kontroll. Åresalet gjekk strykande. Det same med talongbøkene der ein la seg på kr. 20,- pr lodd for å forenkla salet. Sju bøker var elles i omløp. På bøkene vart det trekt ut 30 gevinstar.

Helselaget takkar alle for god støtte. Takk til medlemmer, næringsdrivande og andre som har sponsa basaren med gevinstar. kr. 44.000,- er eit strålende resultat og når ein tek med andre inntekter i arbeidsåret, er Uskedal helselag klar for å jobba for ei betre folkehelse og gje si støtte til mange gode helsefremjande tiltak. I tillegg skal laget halda oppe si daglege lagsdrift med mellom anna styrketrening for vaksne og tiltak som vil skapa ein betre kvardag for eldre og for beburarar på sjukeheimane i kommunen.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Trass ein strålande dag med stor utfart var det eit godt frammøte på helselagsbasaren.